



Alpakkagarn - flere ganger varmare enn tradisjonell ull! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kombinasjonen av OL og vinterferie tok slett ikkje knekken på strikkekafeen som Uskedalen Utvikling inviterte til i Gamleskulen i kveld.

Det kom over 30 damer med flinke fingre og kafeen må registrerast som ein suksess. Initiativtakar Jane Haaranes var forståeleg nok svært fornøgd med frammøtet og kunne slå fast at dette fine tiltaket framleis har livets rett.

Ho hadde også noko spanande nytt å lokka med. Det var alpakkagarn, altså garn frå det dyret som gjerne blir kalla fetteren til lamaen og som også kjem frå Andesfjella.



Margunn Kjærland med alpaka-garn. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kristlaug frå Porselensbuo i Rosendal hadde som vanleg eit stort utval av garn til sals, men alpakkagarnet hadde hadde Jane fått direkte frå Gro Anett og Leiv Øystein Leifsen i Vikedal. Garnet er ikkje direkte rimeleg, men alpakaoppdrettarane har gode kort på handa:



Også denne gongen kom det meir enn 30! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Alpakkafibrane er hule. Difor har garnet ein unik isolasjonsevne og er fleire gongar varmare enn tradisjonell ull. Salet av alpakkagarn var ikkje direkte rivande i Gamleskulen, men fleire bestemte seg for å freista det. Ellers var det ein triveleg kveld med strikkarar frå store delar av Kvinnherad - og Bergen! Som vanleg var nokre av TI-aren sine dugnadsdamer på plass med servering og helselaget frista med lodd i den tradisjonelle basaren som skal ha trekning 15. mars.

Av Ola Matti Mathisen